



MØTEPROTOKOLL

Utval	Kommunestyret
Møtedato	25.10.2018
Møtestad	Kommunestyresalen , Rådhuset
Møtetid	17:00 – 22:45

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Hans Inge Myrvold	Varaordførar	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Øyvind Lernes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Erlingur Nielsson	Medlem	H
Arne Bjørnevik	Medlem	H
Marit Bakke	Medlem	H
Ingrid Koløy Eide	Medlem	H
Knut Johannes Helvik	Medlem	H
Øyvind Utne	Medlem	H
Gunnar Våge	Medlem	SP
Stein Olav Ølvestveit	Medlem	SP
Are Traavik	Medlem	SP
Kent Are Kjørsvik Petterson	Medlem	V
Otto Benjaminson	Medlem	KRF
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Hege Lægreid Røssland	Medlem	SF
Gaute Lund	Medlem	SF
Gretha Rød	Medlem	AP
Bernth Harry Eliassen	Medlem	AP
Joakim Barstad Espevik	Medlem	AP
Kai Morten Torget	Medlem	FRP
Thorleif J. Hellesøy	Medlem	FRP
Svein Opdal	Medlem	MDG
Geir Dolonen-Marthinussen	Medlem	SP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Stig Håvik	MEDL	H
Gerd Laura Bondhus	MEDL	SP
Hilde Enstad	MEDL	AP

Synnøve Solbakken	MEDL	AP
Ove Lemicka	MEDL	FRP
Irene Nielsen Sjo	MEDL	AP
Per Ove Kviteberg	MEDL	H
Nikolai Rørdal	MEDL	AP
Kjetil Mehl	MEDL	SP

Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Arne Presthus	Stig Håvik	H
Nils Arne Fosse	Per Ove Kviteberg	H
Olav Gunnar Hjelmeland	Gerd Laura Bondhus	SP
Clara Hveem	Kjetil Mehl	SP
Lise Rørvik	Nikolai Rørdal	AP
Monica Lindseth	Hilde Enstad	AP
Sigmund Nordfonn	Ove Lemicka	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torstein Aarthun	Rådmann
Sigbjørn Øye	Sektorleiar miljø og teknikk
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Ordførar orienterte om bl.a.:

- Opning av Opsangervegen
- Kvinnheradpakken
- Estetisk løft av Husnes
- E39 – framtidig bruprojekt
- Sunde kai – løysing av grunnspørsmål
- Rosendal brygge – drøfting om overtaking av areal
- Snøggått Fjelberg – reduserte avgongar
- Toftebrekko – rapport føreligg
- TV-aksjon – Kvinnherad på 5.pl i Hordaland i bidrag frå innb./næringsliv
- Felleskjøpet – planar om flytting frå Dimmelsvik til Rosendal
- Ænes Inkubator – arbeidet er starta opp
- Hydro B-hallen
- Kommunedirektør
- Deltidsstillingar i kommunen.

Rådmann orienterte om bl.a.:

- Budsjettarbeid
- Havbruksfond
- Arbeidsmøte
- Opning av Opsangervegen
- Hovedbrannstasjon på Husnes

- NAV publikumsmottak
- Eigarskapsmelding – Rådmannen utarbeider sak til kommunestyret

Permisjonar:

Etter saklista var ferdig:

Marit Årthun, Krf

Nils Arne Fosse, H

Are Traavik, Sp

Sølvi Ulvenes, H

Arne Presthus, H

Inhabile:

Ingen.

Evt. endring på saksrekkefølge:

Går ut: sak 2018/80 (er erstatta med 2018/77)

Tilleggssaker:

Ingen.

Interpellasjon frå Kai Morten Torget, Frp:

I eit tidlegare kommunestyremøte reiste eg spørsmålet kring fartsgrensa på Opsangervegen, Husnes. Denne interpellasjonen er ei oppfølging av det spørsmålet.

No som vegen er så godt som ferdig ser ein at dei opphøgde gangfeltene vart heilt kurante. Då er det kun fartsgrensa og omgjerung til forkøyrsvog som står att.

Tilhøva for mjuke trafikkantar har aldri vore bedre på Husnes enn dei er no, den nye vegen er svært oversiktleg, vel belyst og ikkje minst flott å sjå til. Vi kan difor ikkje sjå kvifor ei fartsgrensa så låg som 30 km/t er sett. Sjølv har eg framleis til gode å høyra nokon som synest det er fornuftig, medan 40 km/t derimot vert karakterisert som heilt greit.

Eg føreslår difor følgande:

- at Kvinnherad kommunestyre ber administrasjonen starta prosessen med og endra fartsgrensa til 40 km/t på strekka som i skrivande stund har 30 km/t grensa, endra til 40 km/t sone i øvre del av Husnes sentrum, samt gjera Opsangervegen om frå høgeregulering til forkøyrsvog.

Ordførar svarar:

Vil be om at rådmannen utarbeider ei sak om dette, og at kommunestyret får den til behandling.

Spørsmål frå Svein I Opdal (Mdg):

Midt på 90-talet vedtok Stortinget ein plan for nasjonalparkar og tilhøyrande nasjonalparksenter i Noreg. Her finn vi Folgefonna nasjonalpark med nytt nasjonalparksenter i Rosendal. Dronninga markerte opninga av park og senter i 2005.

Kvinnherad kommune arbeide vidare med utvikling av nasjonalparksenteret. For å få til eit senter med fleire attraksjonar og større breidde, som også kunne danna utgangspunkt for etablering av arbeidsplassar i kunnskapssektoren, inviterte Kvinnherad inn næringsliv, nabokommunar, og store utdanningsinstitusjonar som Universitetet i Bergen og Havforskningsinstituttet. Kvinnherad kommune gjorde her eit omfattande og grundig arbeid med val av organisasjonsform, styresamansetjing og utforming av mål og visjonar for senteret, og i 2017 opna Statsministeren det nye Folgefonnsenteret.

Som for mange andre senter, er oppstartsfasen krevjande og no les vi i avisene at den svært kompetente daglege leiar Ivar Baste har sagt opp etter eit år i stillinga.

Eg stiller difor ordføraren fylgjande spørsmål:

1. Korleis vil Kvinnherad kommune bidra til realiseringa av føremål og visjonar nedfelt i vedtektene for Folgefonnsenteret ?
2. Korleis vil Kvinnherad kommune nytta kontaktflatene som Folgefonnsenteret representerer inn mot dei store utdannings- og kunnskapsmiljøa for å styrkja utdanning og kompetanse og utvikling av arbeidsplassar i kunnskapssektoren i Kvinnherad?
3. Kvinnherad har i Folgefonnsenteret motteke rause gåver frå næringsliv, fylkeskommune, staten og utdanningsinstitusjonar, der Kvinnherad sit att med eit senter verd 50 millionar for ei investering på 11 millionar. Korleis vil Kvinnherad forvalta desse gåvene vidare?

Ordførar svara:

Eg vil svara relativt kort på dette på noverande tidspunkt:

Kvinnherad kommune ser Folgefonnsenteret som eit verdifullt tilskot til både Rosendal, Kvinnherad og regionen elles. Senteret har stort potensiale til å utvikla seg som arena for aktuelle og vitskapelege spørsmål som klima, bruk versus vern, livet i fjorden og kunnskapsformidling. Dette vil Kvinnherad kommune bidra til. Vi bidreg allereie til det gjennom ein for Folgefonnsenteret svært god samarbeidsavtale med kommunen, og vi er i dialog med stiftinga.

Situasjonen i oppstartsfasen er krevjande, det er rett. Og det er heller ikkje uvanleg for slike senter. Då Kvinnherad kommune er interessert i å bidra på ein god måte, har vi ynskt dialog både med styret og stiftinga og dei andre stiftarane og bidragsytarane for å få på plass eit føreseieleg driftsopplegg, god bruk av ressursane knytt til senteret og ein rimeleg byrdefordeling.

I møte mellom stiftarane førre månad var det semje om at styret i stiftinga no skal utarbeida ei skisse til både driftsopplegg og finansiering. Vi avventar no at styret handsamar ei slik skisse og sender over til stiftarane. Inntil ei styrehandsama skisse ligg føre er svaret på spørsmåla dine at dette er i prosess og eg vil komma attende til dette når denne prosessen er kommen eit steg vidare.

Spørsmål frå Gretha Rød, Ap:

Stord har ingen interesse med å bygga nytt ferjestø på si side og staten har for andre gong konkludert med at det ikkje vert ferjeavløysingsmidlar i sambandet Kvinnherad-Stord.

Konklusjonen er at det realistisk sett ikkje vert nye ferjestø, hverken på Stord eller i Kvinnherad. Vi har valget mellom Ranavik eller Sunde på Kvinnheradsida, Skjersholmane eller Jektevik på Stordsida.

Skal ferja gå frå Ranavik i framtida må vegen ut dit oppgraderast kraftig. Ny rapport konkluderar med at 5 hus må rivast ved utbetring av Toftebrekka, og det er enno ukjent korleis grunnen er der. Tidligare har det vore vist til at riksantikvaren ikkje ønskjer utvida veg ved klosteret og det er peikt

på trafikale problem med større gjennomkøyring gjennom Sæbøvik sentrum.

I 2020 skal ferjesambandet Kvinnherad-Stord ta i bruk elektriske ferjer. Planlegging og tilrettelegging for ladestasjonar skal alt vera i gong på Ranavik og Skjersholmane. Det hastar for Kvinnherad å ta til etterretning ny informasjon og bestemme kvar ferjesambandet Kvinnherad-Stord skal gå i 2020 og fram til et eventuelt brusamband.

Spørsmålet til ordføraren:

- Kor langt er prosjekt for ladestasjonar kommen?

- Kva tid vil ordføraren førebu sak for kommunestyre slik at ein kan ta stilling til kvar sambandet Kvinnherad-Stord skal gå frå 2020?

Ordførar svara:

Eg viser til det som har vore sagt om ferjesambandet Kvinnherad-Stord tidlegare i møtet. Vi arbeider no langs fleire spor for å finna den beste løysinga for Kvinnherad sitt framtidige samband mellom Stord og E39.

I samband med interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Kvinnherad-Stord har vi fleire gonger peika på ovanfor vegeigar fylkeskommunen at vi ynskjer avklaring på framtidig ferjesamband før det vert gjort investeringar på dei aktuelle ferjestøa i dag. Dette er likevel fylkeskommunen si avgjerd, og all den tid ein enno ikkje har konkludert med kva løysing det blir framover, så vert det no installert ladeinfrastruktur på Ranavik. Dette er fylkeskommunen si avgjerd, men vi har påpeika dette ved fleire høve.

Kvinnherad kommunestyre har vedtak på at ferja i framtida skal gå. Som ordførar er eg bunden av kommunestyret sitt vedtak. Kommunestyret sitt vedtak er at ferja i framtida skal gå frå Klosterneiset til Rommetveit.

Stortinget sitt vedtak er at ferja skal gå frå Ranavik i det minste inntil Halsnøysambandet er nedbetalt i 2023.

Prosjektet for ladeinfrastruktur er kommen dit at kommunen har fått førespurnad om grunn til teknisk bygg. Det skal også byggast ny snøggåtkai i Ranavik. Dette er fylkeskommunen si avgjerd.

Eg vil ikkje be om eventuell sak til kommunestyret om ferjesambandet Kvinnherad-Stord før det ligg føre svar frå fylkeskommunen på kommunestyret sitt vedtak om å be fylkeskommunen ta over planarbeidet.

Vi arbeider med forprosjekt for brusamband. For meg er det tydeleg at dersom eit brusamband vert realisert vil ferja gå strekinga Ranavik-Skjersholmane inntil brua er ferdig. Det er ikkje realistisk at fylkeskommunen vil investera i tiltak på Sunde og eventuelt Jektevik dersom det på sikt skal byggjast bru.

Spørsmål frå Clara Hveem (Sp):

Status Kobbekbukta – spørsmål knytt til plastringarbeidet og ansvar.

Ordførar svarar:

Kobbekbukta fiskerihamn er ferdig, og kommunen har overteke anlegget frå entreprenøren. Det har vore ein del reklamasjonsarbeid som har teke noko tid, men entreprenør Byggservice A/S har komme med gode løysingsforslag og det som er av reklamasjonsarbeid vil kunna løysast på ein god måte.

Hamna vert teken i bruk i disse dagar, men det er ikkje sett endeleg dato for offisiell opning. Vonar før jul.

Spørsmål frå Erlingur Nielsson (H):

Spørsmål 1.

Rydding av skog mellom fylkesveg og sjø

Vi bur i landets finaste kommune og er velsigna med vakker natur, både høge fjell, lange fjordar, grønne slettar og skog.

På min daglige ferd til og frå jobb, mellom Omvikdalen og Valen, tar eg meg ofte i å irritera meg over skog som stadig veks tettare og høgare mellom veg og sjø. Dette tar mykje av ein fantastisk utsikt som ein elles skulle hatt.

Med stadig veksande tal turistar som vitjar Kvinnherad kvart år så syns eg det er viktig at vi kan få vist fram så mykje som mogleg av den spesielle naturen som vi har. For oss innbyggjarane i kommunen er det minst like viktig å kunne nyte dette vakre synet når vi fartar rundt.

Eg har ingen klare formeiningar om korleis dette kan gjerast, men har tenkt om det kan vera ein del av arbeidstrening eller attføring i samarbeid med dei som er spesialistar på det. Eventuelt om ein deler ut område til folk som tek på seg å rydde skog og til gjengjeld får behalde veden, eller om ein kan tenke seg ein organisert dugnad for å få dette til.

Mitt spørsmål til ordføraren er:

Kan ordføraren sjå kva moglegheit som finns for å rydde skog i område mellom hovudveg og sjø?

Ordførar svara:

For nokre år sidan var det ei ordning som heite «Rydd langs veg». Den vart nytta til å rydda områder langs vegen utover. For få år sidan kom det ei ny ordning som gjekk på «Utsynsrydding». Ein kunne få støtte til å rydda fram viktige utsynspunkt. Frå landbrukskontoret reklamerte vi for denne ordninga. Det resulterte i at det vart gjennomført eit prosjekt i Uskedalen. Ein har fått støtte til rydding langs Hattebergfossen og no nyleg fekk ein støtte til rydding for eit område langs Erslandsvatnet. Vi prøvde og å få til eit større ryddeprosjekt i området mellom Rosendal og Seimsfoss og eit ved Ljosnes. Dette stranda på grunn av at grunneigarane ikkje ville vera med. Diverre er denne ordninga no avvikla, og vi må sjå på andre måtar.

Vi er for tida involvert i eit større prosjekt innan sau på Baroniet. Landskapspleie er ein viktig del av dette. Gjennom prosjektert «Landskap i drift» er det gjeve støtte til fleire kilometer med gjerde i dette området, og ein har fått rydda svært mykje areal. Planen er at ein med aktiv bruk av småfe skal fokusera på rydding i landskapet. I dette prosjektet er det planar om å gjerda inn aktuelle områder langs vegen og at ein kan nytta beitedyr til å halda desse opne. SMIL- ordninga kan vera og er ein viktig støttespelar når det gjeld oppsetting av gjerde og landskapsrydding.

Vi har og arbeida for auka bruk av bioenergi i samband med flisfyring. Dette kunne gje arbeidsplassar og ein kunne få avtak av ryddingsvirke og det kunne gje ei miljøvenleg oppvarming. Målet var å få til slik oppvarming i større bygg. Dette har det ikkje vore stemning for. Det kan no bli aktuelt med ein temadag (november) der ein fokuserer på mindre flisfyringsanlegg. Eit av måla med dette er å få auka uttak av skog og kratt.

Svaret på spørsmålet er dermed at vi ikkje har midlar til dette no, men kan sjå og ser det i

samanheng med andre tiltak vi held på med. Alternativt må det utarbeidast eiga sak om spørsmålet og det må eventuelt prioriterast i budsjett.

Spørsmål 2:

Unge kulturarbeidarar

For ikkje så lenge sidan så eg reportasje frå Lørenskog om ungdom som var tilsett i sommar til å jobbe i eldreomsorga der. Det var ikkje vanleg jobb i daglig omsorg og pleie som desse hadde fått, men målet var at dei skulle tilføre noko ekstra inn i miljøet på avdelingane. I reportasjen såg vi ungdom som spelte gitar og førte an i allsong, leste frå ein bok, spelte og gjekk tur eller sykla. Mykje av dette vert allereie gjort her i Kvinnherad av friviljuge personar og organisasjonar og er sjølvstøtt ikkje noko nytt. Men det som eg opplevde inspirerende å sjå var samspelet mellom dei unge og dei eldre og korleis dette var med å byggja bru mellom generasjonar. Formålet med dette var og å få ungdom til å verta kjende med omsorgs sektoren og på den måten få fleire til å velja arbeid og utdanning innanfor helse og omsorg.

Dei som jobbar i eldreomsorga i kommunen har stort arbeidspress på seg og det vert dessverre ikkje alltid tid til ting utanom det mest naudsynte. Unge kulturarbeidarar vil kunna gje ein liten avlastning og hjelp til dei fast tilsette og meir å fylla dagen med for dei eldre.

Å få unge kulturarbeidarar inn i eldreomsorga i Kvinnherad vil etter mitt skjønning kunne tilføre eldreomsorga mykje. Til dømes:

- Større tilbod aktivitetar til dei eldre
- Avlastning og hjelp for dei fast tilsette
- Brubygging mellom generasjonar
- Høve til inntekt for ungdom
- Rekruttering til sektoren

Eg er klar over at dette vil koste og det er viktig å understreke at dette ikkje kan takast av den daglege drifta til sektoren. Her må det løyvast midlar spesielt til dette føremålet. Vi er opptekne av varmt og inkluderande samfunn i kommunen vår og difor meiner eg at vi skal prioritere dette.

Mitt spørsmål til ordføraren er:

Kan ordføraren vurdere om det skal tilsetjast unge kulturarbeidarar i sektor for omsorg, helse og sosial? Dette kunne til dømes prøvast ut sommaren 2019.

Ordførar svara:

Eg er positiv til tiltaket og meiner dette er ein god ide og verdifullt for omsorgstenestene. Skal det gjennomførast neste år må det setjast av midlar i budsjett og eg vil difor be partia ta dette med seg i budsjetthandsaminga som vi startar på neste månad.

Spørsmål frå Hans Inge Myrvold (Sp):

Kommune-Noreg er i stor endring. Den statleg styrte kommune- og regionreforma, har bidrege til at fleire kommunar no slår seg saman. Mykje av argumentasjonen som er blitt brukt knytt til denne saka har vore å sikre robuste og gode fagmiljø.

Kvinnherad kommunestyre tok grep tidleg i denne saka, og gjorde i oktober 2016 vedtak om, og sa tydeleg at kommunen skal vidareførast i den form den har i dag. Dette var eit viktig og godt vedtak frå Senterpartiet si side.

Kvinnherad kommune har i dag ca 1300 tilsette, som gjer ein framifrå innsats i vårt lokalsamfunn. Samstundes vil eg tru fleire av desse lev i noko form for uvisse, når ein heile vegen set

arbeidskrafta opp i mot budsjettbalanse.

Over lang tid, sidan eg blei aktiv i lokalpolitikken, har dei folkevalde gjort vedtak om å redusere arbeidskrafta for å spare kostnader. Dette skapar uføreseielege rammer for alle involverte.

Difor er det naudsynt å sikra og avklara;

- gode verdiar og forankring mellom politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalte
- forventningar, til og mellom, leiarar og medarbeidarar
- fornying og innovasjon

Avklare kven, kva og korleis ein skal arbeide saman til det beste for kommunen.

Sett i lys av den store omorganiseringa Kvinnherad kommune no har gjort, og prosessen med å tilsette ny kommunedirektør, er det heilt avgjerande ha eit styringsdokument og plan som gjev oss og støttar ein retning kommunen vel å gå.

Vil Ordførar ta initiativ for å starte arbeidet med lokal arbeidsgjevarpolitikk i Kvinnherad kommune?

Ordførar svara:

Eg takkar for eit positivt initiativ. Eg meiner dette er ei sak som ein naturleg bør be ein ny kommunedirektør om ei vurdering av når denne er på plass, og at dette spørsmålet såleis kan aktualisera seg på nyåret.

Spørsmål frå Bernth-Harry Eliassen (Ap):

Angående bruk av tilsette i vikarbyrå.

Som det fram går av svaret eg fikk i forhold til spørsmål eg stilte i sist formannskapsmøte, så er det nødvendig for meg å få ytterligare opplysningar.

Kvinnherad kommune har i 2017 skrevet under på en avtale med Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum som innebærer at en bestiller vikarer derfra.

Avtalen omfatter de selskapene som det blir vist til i svaret jeg fikk fra dere.

Ordførar svara:

Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum er eit innkjøpsamarbeid mellom kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum gjennomfører anbudsprosessar for disse kommunane i henhold til «Lov om offentlege anskaffelser». Kvar kommune signerer eigne fram forhandla avtalar med leverandørane som vinnarar.

Rammeavtalen for anskaffing av vikartenester til omsorgssektoren i kommunane er basert på Difi sin konkurransegrunnlagsmal for inngåing av rammeavtale om anskaffelse av vikartenester i henhold til lov om offentlige anskaffelser. Det er inngått avtale med tre prioriterte leverandørar;

Primært skal leverandør 1 nyttast, deretter nr. 2 og 3.

Forts. B.H Eliassen:

Eg vil be om at vi så snart det lar seg gjere får informasjon om lønn og pensjonsvilkår for de tilsette i disse selskapa.

Eg vil også at vi får forelagt kopi av arbeidsavtaler som benyttes fra de berørte selskapene.

I tillegg vil eg be om at vi får opplyst om nokon av disse selskapa nyttar seg av konsulenter i stedet for ansatte vikarer.

Ordførar svara:

Kommunen får opplyst ved bestilling, kva utdanning og ansiennitet denne arbeidstakaren innehar. Kommunen reknar då ut kva lønn den ansatte skal ha i henhold til gjeldande tariff. Dette blir betalt inn til leverandøren med eit påslag administrasjonsgebyr.

Utdrag frå rammeavtalen om «Likebehandling av lønns- og arbeidsvilkår»

Leverandøren pliktar å gi vikarane, som blir engasjerte på bakgrunn av denne rammeavtalen, minst

dei same lønns- og arbeidsvilkåra som gjeld hos Oppdragsgivar, jf. Arbeidsmiljølova § 14—12a.

Dette gjeld:

- a) Arbeidstidslengda
- b) Overtidsarbeid
- c) Lengd på og plassering av pausar og kvileperiodar
- d) Nattarbeid
- e) Feriefritid, feriepengar, fridagar og godtgjering på slike dagar, og
- 0 Lønn og utgiftsdekning

Vikaren, som blir leigd ut til oppdragsgjever, har same tilgang til felles gode og tenester hos innleigar.

Likebehandling er ei plikt. Ev. tariffavtale med fagforeining utan innstillingsrett medfører brot på gjeldande lov og forskrift.

Oppdragsgjever kan krevje at Leverandørane dokumenterer kva lønns— og arbeidsvilkår dei tilsette har.

Oppdragsgjever har rett til innsyn i relevante dokument som for eksempel timelister, lønnsliappar og benktransaksjonar.

Oppdragsgjever har rett til å utføre både melde og umelde revisjonar hos Leverandøren for å kontrollere at reglane nemnde over, er oppfylte.

Dersom oppdragsgjever som følgje av solidaransvaret i aml § 14- 12c må utbetale forfallen lønn og feriepengar, har Oppdragsgjever regressrett overfor Leverandøren. Oppdragsgjevar har vidare rett til å

halde tilbake eit beløp likt 50 % av utestående beløp til forholdet er rette opp.

Brot på forpliktingane etter denne regelen er å rekna som vesentleg misleghald.

Denne avtalen er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

Utdrag frå rammeavtalen om «Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter»

For avtaler som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar gjeld dette:

1. Krav til leverandør og eventuelle underleverandørar

- a) På område som er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal leverandøren sørge for et tilsette¹ hos leverandøren og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle denne kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande forskrifter².
- b) På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal leverandøren sørge for at dei same tilsette har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale³ for den aktuelle bransjen. Med lønns- og arbeidsvilkår meiner ein regler om minste arbeidstid, lønn, medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike regler følgjer av tariffavtalen.
- c) Leverandøren skal ha same forpliktingar avtalefesta i alle avtalar som omfattar tilsette hos underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle denne kontrakten.

Det var eit kvalifikasjonskrav i konkuransgrunnlaget at leverandøren skal dokumentere å tilfredsstille vilkåra for å bli registrert i Arbeidstilsynet sitt register, jf. FOR 2008-06-04 nr. 541: Forskrift om bemanningsføretak § 5. Dette kravet gjeld også for ev. underleverandørar som medverkar til å oppfylle kontraktar.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2018/73	Godkjenning av møteprotokoll
PS 2018/74	Kvinnheradpakken - Bompengesøknad
PS 2018/75	Retningslinjer for ektefelle/sambuar til å bu saman på institusjon
PS 2018/76	Forskrift for bruk av fiskefonda i Kvinnherad kommune - "Staffivatnet", "Blåfalli" og "Opstveit- og Midtbotnvatn".
PS 2018/77	Gjennomgang av kommunale gebyr
PS 2018/78	Tilsynsstrategi byggesak 2018-2019
PS 2018/79	P-2084- oreigning av grunn ved skuleområdet Husnes
PS 2018/80	Betalingssatsar for kommunale gebyr 2018 - Revisjon
PS 2018/81	Sunnhordland ønskjer status som Bærekraftig reisemål Refererte skriv
RS 2018/9	Skriv til statsråd Monica Mæland frå Kvinnherad kommune om statleg kommunedelplan E39 Stord-Os
RS 2018/10	Referatsak til kommunestyremøte i Kvinnherad kommune 25.10.18

PS 2018/73 Godkjenning av møteprotokoll Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

Møteprotokollen frå kommunestyret 27.09 vert godkjent slik den ligg føre – samrøystes

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

Møteprotokollen frå kommunestyret 27.09 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 2018/74 Kvinnheradpakken - Bompengesøknad

Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

Før behandling i kommunestyret var representantar frå Statens vegvesen tilstade og hadde ein presentasjon av prosjekt i «Kvinnheradpakken» og om bompengesøknad.

Nytt tilleggspunkt frå alle gruppeleiarane:

- Kommunestyret ser at pendlarar i enkelte bygder kan få vesentleg auka kostnader som følgje av bompengar. Kommunestyret er oppteken av at samla bompengebelastning må vera rimeleg sett i samanheng med nytteverdi av dei aktuelle prosjekta i pakken. I bygder der ein er avhengig av ferje til arbeidsstad og kommunale tenester, og der nytteverdien på den aktuelle strekninga er låg, vil kommunestyret vurdere innføring av ei kommunal refusjonsordning for einskilde tilfelle.

Kommunestyret ber rådmannen utgreia ei kommunal refusjonsordning for strekningar som dersom ein legg ovanståande til grunn kan vera aktuelle. Kommunestyret ber rådmannen komma attende med sak innan bompengesøknaden vert handsama i Stortinget.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet – samrøystes vedteken.

Nytt tilleggspunkt – samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

- 1. Kommunestyret sluttar seg til det føreslåtte opplegget i «Kvinnheradpakken» slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest, datert 02.10.2018. Kvinnherad kommune løyver 75 MNOK eks. mva. til tiltaka vist i tabell i saksutgreiinga. I tillegg bidreg Kvinnherad kommune med ytterlegare 34 MNOK til prosjekt under gjennomføring, som er «Ny veg Lundssvingane» og «Kollektivknutepunkt Rosendal». Midlande skal innarbeidast i budsjett/økonomiplan i ein tidleg fase av bompengeperioden, der løyvingane er i samsvar med faktisk framdrift og nødvendig finansiering av tiltaka.***
- 2. Kommunestyret går inn for at «Kvinnheradpakken» vert delvis finansiert med bompengar. Det er lagt til grunn ei portefølje med eit investeringsbehov på om lag 746 mill. kr (2018 – kr). Følgjande finansieringsplan er lagt til grunn for prosjektet:***

Finansieringskjelde:	MNOK (2018 kr)
Kommunale midlar	75
Fylkeskommunale midlar	199
Fylkeskommunale skredsikringsmidlar	307
Bompengar	165
Sum	746

Bompengebdraget vert endeleg fastsatt etter ekstern kvalitetssikring (KS2) av pakken.

3. **Kommunestyret legg til grunn at «Kvinnheradpakken» vert porteføljestyrt og at omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma.**
4. **Det vert lagt til grunn at utbygginga skjer i 2018–2023.**
5. **Innkrevjinga skal skje på ferjesambanda: Ranavik - Skjersholmane, Gjermundshamn/Varaldsøy - Årsnes og Utåker - Matre/Skånevik. Det vert ikkje kravd inn bompengar på sambanda Varaldsøy - Gjermundshamn eller Matre-Skånevik.**
6. **Det vert lagt til grunn ein gjennomsnittleg inntekt pr. passering på om lag kr. 35-43 (2018-kr).**
7. **Bompengetakstane vil bli fastsett ut frå den strukturen for innkrevjing av bompengar på ferje som gjeld ved start av innkrevjinga. Endeleg takst- og rabattsystem inkl. betaling av bompengar for nullutsleppskøyretøy, skal leggast fram for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevjinga tek til.**
8. **Gjennomsnittstaksten skal prisjusterast med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til bompengainnkrevjinga startar. Deretter skal SSB sin konsumprisindeks nyttast.**
9. **Bompengeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart på ferjestrekninga Årsnes - Gjermundshamn og Utåker - Skånevik, etter planen i 2020. Innkrevjinga på ferjestrekninga Ranavik - Skjersholmane vil etter planen starte i 2023 og skal avsluttast samtidig med innkrevjinga på dei to andre strekningane.**
10. **Kommunestyret ser at pendlarar i enkelte bygder kan få vesentleg auka kostnader som følgje av bompengar. Kommunestyret er oppteken av at samla bompengebelastning må vera rimeleg sett i samanheng med nytteverdi av dei aktuelle prosjekta i pakken. I bygder der ein er avhengig av ferje til arbeidsstad og kommunale tenester, og der nytteverdien på den aktuelle strekninga er låg, vil kommunestyret vurdere innføring av ei kommunal refusjonsordning for einskilde tilfelle.**

Kommunestyret ber rådmannen utgreia ei kommunal refusjonsordning for strekningar som dersom ein legg ovanståande til grunn kan vera aktuelle. Kommunestyret ber rådmannen komma attende med sak innan bompengesøknaden vert handsama i Stortinget.

PS 2018/75 Retningslinjer for ektefelle/sambuar til å bu saman på institusjon Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

- 1. Kommunestyret vedtek retningslinjer i høve ektefelle/sambuar sin rett til å opphalde seg /bu på institusjon.*
- 2. Levekårskomiteen får mynde til å gjere eventuelle endringar når/dersom det blir utarbeidd nasjonale føringar eller når evaluering av retningslinjene gjer det naudsynt med endringar.*
- 3. Levekårskomiteen får sak om evaluering av retningslinjene innan våren 2020.*

PS 2018/76 Forskrift for bruk av fiskefonda i Kvinnherad kommune - "Staffivatnet", "Blåfalli" og "Opstveit- og Midtbotnvatn".

Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

- 1. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Staffivatnet»*
- 2. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Blåfalli»*
- 3. Kvinnherad kommunestyre godkjenner framlagde forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune «Opstveit- og Midtbotnvatn»*

PS 2018/77 Gjennomgang av kommunale gebyr

Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HEGE L. RØSSLAND, SF:

Innstilling frå rådmannen punkt 1,2,3 og 5.

RØYSTING: Framsett forslag frå Hege L. Røssland fekk 10 røyster og fall.

Formannskapet si innstilling fekk 23 røyster og vart vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

- 1. Det skal framleis vera sjølvkost innan desse områda: Feiing, Renovasjon, Vatn, Avløp, Slamhandsaming, Byggesak, Kartforretning og Reguleringsplanar*
- 2. Kommunestyret sluttar seg til dei endringane som er føreslått i tabellen under søknad med og utan ansvarsrett i Byggesak/Matrikkel*
- 3. Kommunestyret sluttar seg til forslag til seksjoneringstakstar og gebyr for eigedomsopplysningar*
- 4. Kommunestyret vil redusera tilknytingsgebyret for vatn og avlaup til det halve. Forbruksgebyret for vatn vil gå opp tilsvarande med 3,74% og 5,64% for avlaup (kronetillegget er vist i saksframlegget s. 6)*

5. Alle endringar vil bli gjeldande i forbindelse med budsjett 2019, sak om betalingsattsar for kommunale gebyr.

PS 2018/78 Tilsynsstrategi byggesak 2018-2019

Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ LEIF SVERRE ENES, H:

Set fram forslag om at saka vert utsett. Har undersøkt med fleire nabokommunar, og det er fleire måtar ein kan organisera tilsynsarbeidet på. Vil gjerne at det vert undersøkt med andre kommunar korleis dette kan gjerast.

RØYSTING: Forslag om utsetjing vart vedteke med 31 mot 2 røyster (Krf).

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

Saka vert utsett.

PS 2018/79 P - 2084 - oreigning av grunn ved skuleområdet Husnes

Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

Formannskapet si innstilling vart vedteke med 32 mot 1 røyst (Kai Morten Torget).

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

1. Med heimel i Plan- og bygningslova § 16-2 vedtek kommunestyret å oreigna nødvendig grunn og rettar til gjennomføring av del av vedteken Områdereguleringsplan for Husnes skuleområde. Grunnen skal nyttast til areal for framtidig barneskule og idrettshall, merka Kombinert 1 i reguleringsplanen og ny veg SKV5. Vedtaket inneber oreigning av grunn frå:

145/1	Morten Røssland	ca. 21 700 m2
145/2	Valbjørg Gundesø	ca. 5 000 m2
145/3	Terje Bjørnebøle	ca. 5 500 m2
145/10	Åse Gro og Tove Kristin Feet	ca. 2 500 m2
145/18	Annbjørg og Knut B. Røssland	ca. 3 500 m2
145/20	Knut Inge Bjørnebøle	ca. 28 900 m2
I alt		ca. 67 100 m2

2. Kommunestyret samtykker til at det om nødvendig blir søkt om å ta areala i bruk før skjønn er halde med heimel i oreigningslova § 25 for gjennomføring av vedtaket pkt. 1. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å sende slik søknad til Fylkesmannen i Hordaland.

PS 2018/80 Betalingsattsar for kommunale gebyr 2018 - Revisjon

Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018

Saka vart trekt. – ingen behandling.

**PS 2018/81 Sunnhordland ønskjer status som Bærekraftig reisemål
Behandling i Kommunestyret den 25.10.2018**

Framsett forslag om at saka vart utsett til ting vart klarert/undersøkt i forhold til Unesco.

RØYSTING OVER UTSETTINGSFORSLAG: Vart vedteke med 29 mot 4 røyster.

Vedtak frå Kommunestyret den 25.10.2018

Saka vart utsett.

Refererte skriv

RS 2018/9 Skriv til statsråd Monica Mæland frå Kvinnherad kommune om statleg kommunedelplan E39 Stord-Os
Skriv til statsråd Monica Mæland frå Kvinnherad kommune om statleg kommunedelplan E39 Stord-Os

RS 2018/10 Referatsak til kommunestyremøte i Kvinnherad kommune 25.10.18

Referatsak til kommunestyremøte i Kvinnherad kommune 25.10.18